ALVER
KOMMUNE

Alver kommune
Arne Helgesen

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Anne Lise Molvik | 17.09.2021 |
| Vår: 21/6416 - 21/58758 | anne.lise.molvik@alver.kommune.no | |

# Referat frå førehandskonferanse om ringleidning for drikkevassforsyning i Alverstraumen

Førehandskonferanse er ein gjensidig orientering om rammeføresetnader for det aktuelle tiltaket og krav knytt til plangrunnlag, infrastruktur, lovverk og saksgang for søknaden. Førehandskonferansen gjev ingen binding i forhold til den vidare sakshandsaminga.

Orienteringa er gjeve på bakgrunn av dei opplysningane som er sendt inn i forkant og/eller lagt fram i møte. Vi gjer merksam på at endring i plangrunnlag, merknader frå naboar, merknader frå offentlege instansar og politiske vedtak med vidare vil kunne føra til krav om endring av prosjektet, lengre tid til sakshandsaming og endring av sakshandsamingsprosessen.

For krav til førehandskonferanse vert det vist til byggesaksforskrifta § 6-1.

Referatet skal dokumentere dei føresetnader som er lagt til grunn, og gjev grunnlag for vidare handsaming. Referatet skal sluttførast i førehandskonferansen og kommunen skal straks gjere referatet tilgjengeleg for tiltakshavar. Referatet skal følgje med som vedlegg til ein eventuell byggesøknad.

Førehandskonferanse er ei gebyrlagt teneste, jf. Alver kommune si gebyrforskrift.

| | |
|---|---|
| **Tiltak** | Ny VA-leidning, ringleidning for drikkevassforsyning i Alverstraumen |
| **Tiltakshavar** | Alver kommune |
| **Ansvarleg søkjar** | Sweco Norge AS Avd Bergen |
| **Møtestad** | Teams |
| **Møtedato** | 08.09.2021, kl. 13.00. |
| **Til stades i møtet frå kunde og kommune** | Ingrid Sagen Tholo frå Sweco Norge AS<br>Einar Aase og Anne Lise Molvik frå Plan og byggesak |

**Alver kommune**
Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00
post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no
Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

| | |
|---|---|
| **Orientering om tiltaket** | I førespurnaden er det gitt følgjande orientering:<br>Omsøkt tiltak er en del av prosjektet «Alverstraumen ringledning», som omhandler etablering av ringledning for drikkevann mellom gamle Radøy kommune og Lindås kommune. Det skal etableres én ringledning, men prosjektet er delt opp i to entrepriser.<br>Det etableres en ledning delvis på land ut i sjø, samt en ledning kun i sjø som fordeles på to delstrekninger.<br><br>Det vert elles vist til innsend utgreiing om tiltaket.<br>Kvar entreprise vert send inn som eigen søknad. |



| **Sakshandsaming** | |
|---|---|
| **Sakstype** | ☒ Tiltak som krev søknad, løyve og ansvarsrett jf. pbl. § 20-3<br>☐ Tiltak som krev søknad og løyve, jf. pbl. § 20-4<br>☐ Tiltak som ikkje krev søknad og løyve, jf. pbl. § 20-5<br>☐ Tiltak som vert handsama etter anna lovverk, jf. pbl. § 20-6<br>☐ Søknad om dispensasjon, jf. pbl § 19-1 |

| | |
|---|---|
| **Tiltaksklasse SØK** | ☐ Tiltaksklasse 1 ☐ Tiltaksklasse 2 ☐ Tiltaksklasse 3<br><br>Kompleksitet og moglege konsekvensar av feil og manglar, er avgjerande for val av tiltaksklasse. Val av tiltaksklasse kan verta endra i løpet av prosessen. |

| | |
|---|---|
| **Nabotilhøve** | ☒ Naboar og tverrbuar skal ha varsel i samsvar med naboliste og situasjonskart, jf. pbl. § 21-3.<br><br>Tiltaket skal vera plassert minimum 4 meter frå eigedomsgrensa, jf. pbl. § 29-4, med mindre:<br>☒ Det er sett anna byggegrense i plan<br>☒ Det vert søkt om dispensasjon<br>☒ Det ligg føre skriftleg samtykke frå nabo, jf. pbl § 29-4 3.ledd bokstav b<br>☐ Kommunen kan godkjenne nærare plassering av garasjar, uthus og liknande mindre tiltak jf. pbl § 29-4 3.ledd bokstav b, jf. TEK10 § 6-4 |
| **Situasjonsplan/ utomhusplan** | Situasjonsplan må visa alle tiltaka søknaden gjeld.<br>Krav til innhald er til dømes:<br>• Målsett med ytre mål<br>• Vise avstand til nabogrense<br>• Vise byggegrenser<br>• Vise avstand til midtline til offentleg veg<br>• Vise murar/terrenginngrep |
| **Teikningar** | Det må sendast inn teikningar i målestokk. I teikningsgrunnlaget skal det leggast ved teikningar av alle fasadar, planløysing med målsett areal på rom, og snitt. Mønehøgd og gesimshøgd skal gå fram.<br><br>Ved søknad om endring av eksisterande bygg må det leggast ved:<br>☐ Fasadar og planløysing før endring<br>☐ Fasadar og planløysing etter endring, der endringar er tydeleg markert |

| | |
|---|---|
| **Uavhengig kontroll** | ☒ Obligatorisk uavhengig kontroll, jf. SAK § 14-2<br>☐ Kommunen krev uavhengig kontroll i tiltaket, jf. SAK § 14-3.<br>Følgjande ansvarsområde må ha uavhengig kontroll: |
| **Godkjenning/uttale etter anna lovverk, jf. SAK § 6-2**<br><br>Der forholdet til anna mynde ikkje er avklart ved innsending av søknad, vert søknaden sendt på høyring og/eller oversendt for vedtak etter det aktuelle lovverk. | ☐ Arbeidstilsynet<br>☐ Direktoratet for mineralforvaltning<br>☐ Brannvesen<br>☐ Forureiningsstyresmakt – Kommunal<br>☐ Forureiningsstyresmakt – Statsforvaltaren<br>☐ Friluftsstyresmakt - Kommunal<br>☒ Hamnestyresmakt – Bergen Havn Farvannsforvaltning på vegne av Alver kommune<br>Alle tiltak i sjø krev løyve etter hamnelova<br>Bergen hamn har gitt førehandsuttale i skriv datert 11.08.2021<br>☒ Hamnestyresmakt – Kystverket<br>Farlei. Kystverket har send førespurnad til kommunen om uttale. sjå sak 21/6816. Kommunen svarar ut i forhold til planstatus.<br>☐ Helsestyresmakt - Kommunens helseteneste<br>☐ Helsestyresmakt - Mattilsynet<br>☒ Jordlovsstyresmakt – Kommunal<br>Tiltaket kan krevja jordlovsbehandling. Kommunen vil avklara |

| | |
|---|---|
| | | | |<br>|---|---|<br>| | dette endeleg gjennom søknadsbehandlinga. Dersom jordlovsbehandling er nødvendig vert søknaden send over til landbruksavdelinga for behandling. Eigen søknad er ikkje nødvendig. |<br>| ☐ | Kyrkjeleg styresmakt |<br>| ☐ | Luftfartstilsynet |<br>| ☒ | Kulturminne – Fylkeskommunen<br>Kommunen sender på uttale |<br>| ☒ | Kulturminne – Bergens sjøfartsmuseum<br>Kommune sender på uttale |<br>| ☐ | Sivilforsvaret |<br>| ☒ | Vegstyresmakt – Kommunal<br>Graveløyve ved kryssing av veg og dispensasjon frå byggegrense langs veg |<br>| ☒ | Vegstyresmakt – Vestland fylkeskommune<br>Dispensasjon frå byggegrense langs veg |<br>| ☒ | Anna<br>Statsforvaltaren og Norges vassdrags- og energidirektorat for vurdering etter vassressurslova. |<br><br>Søkjar kan sjølv leggja saka fram for andre styresmakter. |

| **Plangrunnlag** | |
|---|---|
| **Planstatus** | **Entreprise B1 – dels på land og dels i sjø**<br>Startpunkt for del av ringleidning på land ligg innanfor eigedomen gbnr 132/46 og er omfatta av reguleringsplanen for Alverstraumen Rognaldsen bakeri, (planid 1263-. Arealet er avsett til FG felles parkering.<br><br>Resterande del av leidningen ligg i området som er omfatta av kommunedelplanen for Knarvik – Alversund med Alverstraumen (planid 1263-201701). Arealet på land er avsett til LNF-føremål.<br>Arealet i sjø er avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone.<br><br>**Entreprise B2, sjøleidning nr. 1 i sjø.**<br>Leidningen ligg i hovudsak innanfor kommunedelplanen for Radøy (planid 1260 – 2013000200) der arealet er avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag og delvis underføremål hamn.<br><br>Ilandføringspunktet vil skje i reguleringsplanen for Storsandvik (planid 1260 – 2011000300) der arealet er avsett til hamn og kai. |

| | |
|---|---|
| **Dispensasjon**<br><br>Dispensasjon krev grunngitt søknad. Dispensasjon må nabovarslast, enten særskilt eller saman med byggeløyve. | Dette tiltaket krev dispensasjon frå:<br>☐ Gjeldande kommuneplan/kommunedelplan for følgjande føremål/føresegner:<br>☐ Plan- og bygningslova:<br>☐ Forskrifter:<br>☐ Vedtekter:<br>☒ Veglova<br>Byggegrensa langs kommunal veg er 15 meter frå midt veg og 50 meter frå midt fylkesveg. I den grad tiltaket ligg innanfor byggegrensa vil tiltaket krevja dispensasjon frå byggegrense |

| | |
|---|---|
| | langs veg.<br><br>Tiltak langs eller under offentleg veg vil i tillegg også krevja graveløyve.<br><br>Søknadsskjema dispensasjon frå byggegrense finn du her.<br>Søknadsskjema kan du for alle offentlege vegar. |
| **Vurdering/merknad:** | **Entreprise B1 – dels på land og dels i sjø**<br>Det er vår vurdering av tiltaket vil vera i samsvar med arealføremålet i reguleringsplanen.<br><br>Dersom leidningane vert nedgravd og terrenget vert reetablert vurderer vi at tiltaket ikkje vil krevja dispensasjon frå arealføremålet LNF-føremålet i kommunedelplanen (KDP).<br><br>Det går fram av føresegn 2.6.1 i KDP at framføring av kablar og røyr kan skje innanfor byggegrensa mot sjø og vassdrag dersom tiltaket skjer skånsamt, og terrenget vert reetablert. Det må gå fram av søknaden korleis kryssing av bekk skal skje. Kommunen vil senda søknaden på høyring til Statsforvaltaren og Noregs vassdrags- og energidirektorat for vurdering av om tiltaket krev løyve etter vassressurslova.<br><br>Det går fram av føresegn 3.5.1 i kommunedelplanen at arealføremålet i sjø ikkje er til hinder for utlegging av sjøleidningar for vatn og avløp m.m.<br><br>I den grad tiltaket vert plassert i strid med byggegrensa mot fylkesveg eller kommunal veg vil tiltaket krevja at det vert søkt om dispensasjon.<br><br>**Entreprise B2, sjøleidning nr. 1 i sjø.**<br>Det går fram av føresegn 3.5.1 i kommunedelplanen at arealføremålet i sjø ikkje er til hinder for utlegging av sjøleidningar for vatn og avløp m.m. |

| **Andre tilhøve** | |
|---|---|
| **Klima –og naturtilhøve** | ☐ Ras<br>☐ Flom<br>☐ Støy<br>☐ Radon |
| **Verneinteresser i området** | Indre farleia, jf. omsynssone i KDP Knarvik – Alversund med Alverstraumen §4.2.4.<br>Naturbasen viser ulike registreringar knytt til fugl med nasjonal forvaltningsinteresse<br>Heile traseen ligg innanfor registrert gyltefelt for torsk i Radsundet |
| **Høgspentline** | |
| **Privatrettslege forhold** | Heimelshavar gbnr 132/46 må rettast opp. Eigedomen er registrert på Vestland fylkeskommune i dag. Prosess med overføring til Alver kommune er i prosess.<br><br>Ved tiltak i vegkroppen må det innhentast graveløyve.<br><br>Rett til å etablera tiltak på privat eigedom må sikrast. |

Søknad om løyve til tiltak sendast til:

Per post:
Alver kommune
V/Plan og byggesak
Postboks 4
5906 Frekhaug

Elektronisk
post@alver.kommune.no

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Alver kommune | | | |
| Sweco Norge AS Avd Bergen | Fantoftvegen 14P | 5072 | BERGEN |